



Aurland, 16.04.2019

Mottakere ifølge liste

Vår ref.  
2019000004-10

Dykkar ref.

Sakshandsamar  
Hanna Hjellum Borlaug, 57 63 29 70

Arkiv  
K1 - 080, K3 - &17

## **Aurland Eldreråd - referat frå møte 9. april**

Desse møtte: Marit Berge, Reidun Skahjem, Monica Finden, Kristin Sønnerheim og møtesekretær Hanna Hj. Borlaug. Kjell Bakke og Alv Loven ga melding om fråver. Knut møtte ikkje

I samband med sak 5/19, møtte Gerd Olaug Aas og Sigvor Veum Nilsen frå Revmatikarlaget, leiar i Pensjonistlaget Ingebjørg Stormoen og vaktmeister Ola Bjørgum.

### Sakliste:

5/19. Info om tilbud i terapibad og ev trim i hallen  
Vaktmeister Ola Bjørgum informerte slik om bruken av symjehallen og Aurlandshallen

Symjehallen:

- Skule og barnehagar har førsteprioritet
- Litt ledig kapasitet måndag, og onsdag morgon frå 08.30-10.00 og 11.15-12.30. Barnehagane har ikkje fått tildelt tid enno
- Torsdag er det fysio- og treningskontakten som disponerer symjebassenga
- Revmatikarlaget er tildelt tid onsdagar frå kl 14.30-16.00
- Det er plass til fleire i det tidsrommet Revmatikarlaget har fått tildelt
- Sjå eigen annonse i maiutgåva av Aurlendingen
- Terapibadet er 5x10,5 m og held 34+
- Det nye hovudbassenget held 28+, og er mellom anna 2,5 meter djupare enn det gamle bassenget. Årsaka til det er eit stupebrett. Den grunnaste delen er ein meter
- Det er sett opp til saman seks kamera i begge bassenga. To i terapibadet og fire i hovudbassenget. Dersom ein person vert liggjande for lenge under vatn, så vil ein alarm verte utløyst.
- I tillegg til badevakt og kameraovervaking, så er det òg ein person på vaktrommet
- Kommunen har tilsett tre badevakter
- Tida fram til sommarferien vert ein prøveperiode
- Dersom det syner seg at interessa vert veldig stor, så kan det hende at vaksenbadinga vert utvida
- Ingen krav til badehette
- Nytt utstyr er kjøpt inn for 150 000 kr. Det er ei gåve frå då Aurland Sparebank

### **6/19. Referat frå OOK 4. mars 2019** **OOK- 007/19 Vedtak:**

## **Styrketreningsrommet i Aurlandshallen**

OOK ber om at følgjande oppmoding blir sendt til prosjekt, drift og eigedomsutvalet:

Gode treningstilbod er viktig i eit folkehelseperspektiv, og i Aurland har me eit rikt tilbod på mange nivå og for mange treningsformer. Etter tilbakemelding om at utstyr på styrketreningsrommet er slitt/dårleg etter mange års bruk, ser brukarane trong for at noko vert gjort her.

OOK ber om at det vert teke tak i vedlikehald og oppgradering av utstyr i styrketreningsrommet i Aurlandshallen. Kva som skal utbetrast eller kjøpast inn bør takast i dialog med brukarar og/eller idrettslaget.

OOK ber óg om at det vert sett på moglegheit for utviding av opningstider/treningstider f.eks ved ordning med tilgang med kodebrikke e.l. i tider utan treningsvakt, slik at treningsrommet er meir tilgjengeleg for fleire personar. Her kan ein sjå kva ordnignar som er brukt andre stadar, slik at ein sikrar at kommunen ikkje sit med ansvar ved eventuell skade på personar og utstyr.

Ved eventuell opprusting av styrkerom med utvida opningstider, ynskjer OOK at ein ser på moglegheita for eigen inngang på baksida, og gjerne ei utviding av sjølv arealet. Ved utviding av areal, i form av tilbygg, bør ein og sjå på moglegheita for å tilrettelegge eigna lokale for boksering og bokseaktivitet.

## **Universell utforming Heradshuset**

OOK ber om at det blir sett på løysingar for universell tilkomst til 2.etasje i Heradshuset.

## **Sti og løypeplan**

OOK ber om ei munnleg orientering om framdrift med sti og løypeplan.

## **OOK- 009/19 Vedtak:**

Vedtektene for dei kommunale barnehagane i Aurland vert endra slik:

1. §4.3 Barnehagane vert stengde julaftan, romjul og nyttårsaftan og 5 kurs- og planleggingsdagar gjennom året. Barnehagane kan samordnast og halde ope påskeveka ved behov. Onsdag før skjærtorsdag stengjer barnehagane kl 12.00.
2. §7.3 Det vert to hovudopptak, 1.april og 1. oktober. Dei som søker utanom hovudopptaket får tildelt eventuelle ledige plassar
3. §7.3 Det vert ikkje tildelt plass mellom 01.05 og 15.08.
4. §8 Barn som fyller eit år innan utgangen av november det året dei søker om barnehageplass, har rett til barnehageplass i heimkommunen.
5. Endringane vert gjeldande frå nytt barnehageår.

## **Referat frå OOK 8.4.2019**

### **OOK- 010/19 Vedtak:**

Planlagt synfaring i Galleri Vinjum i samband med møtet i dag er ikkje gjennomført, men OOK er oppmoda om å møte på opninga 2.mai. Elles ingen merknad til møteprotokoll.

### **Til referatsak 2:**

Fylkesmann i Vestland har invitert kommunen til dialogmøte om "leve hele livet - en kvalitetsreform for eldre" 10. mai. Monica Finden deltek på dialogmøte saman med administrasjonen.

### **Referatsak sett på dagsorden i møtet:**

Uttak av ferie i barnehagane

Når borna skal ha samanhengande 3 veker ferie Jf. vedtektene § 11, så er det med tanke på at borna skal ha 3 heile kalenderveker samanhengande ferie, uavhengig av om det kjem planleggingsdagar, eller noko anna inn i desse 3 kalendervekene. Det står ingen plass i vedtektene at det må leggst til dagar for å kompensere for planleggingsdagar eller noko anna, og det er ikkje vedteke noko punkt som tilseier noko anna.

Framlegg frå Monica Finden

OOK gjev slik uttale til praktisering av barnehagevedtektene § 11: OOK ber om at praksisen med at foreldre må ta borna ut av barnehagen ekstra dagar utover 3 samanhengande kalenderveker opphøyrer.

Samrøystes merknad frå utvalet til referatsak sett på dagsorden i møtet.

### **Orienteringar i møtet:**

#### **Status arbeid med sti- og løypeplan**

Tenesteleiar for kultur Monica Hille og arealplanleggjar Anja Marken orienterte munnleg om arbeid med sti- og løypeplan. Stil og løypeplan er naturleg å lage som ein temaplan. I samband med vidareutdanning i GIS skal arealplanleggjar gjere ei brukaranalyse.

#### **Tilbakemeldingar frå Samhandlingskonferanse 2019**

Utvaleiar har delteke på informasjonsmøte i regi av fosterheimstenesta og Samhandlingskonferansen og orienterte utvalet munnleg om dette.

#### **Status arbeid med revisjon av politivedtekter**

HR-sjef Norunn Haugen orienterte munnleg om at politivedtektene vert set på dagsorden på neste møte i politirådet og at framlegg til nye politivedtekter vil bli lagt fram for utvalet.

#### **OOK- 011/19 Vedtak:**

Uttak av ferie i barnehagane: OOK ber om at praksisen med at foreldre må ta borna ut av barnehagen ekstra dagar utover 3 samanhengande kalenderveker opphøyrer.

Elles ingen merknader til referatsaker.

#### **OOK- 013/19 Vedtak:**

Flåm skule set ikkje i gang prøveprosjekt med leksefri skule. Skulen held fram med tilbod om leksehjelp til 3. – 7. steg utan at ressursen på to timar i veka vert auka. Skulen prøver ut kva som er den beste organiseringa av ordninga. Skulen evaluerer kva som er gode og motiverande lekser saman med elevar og foreldre.

Samrøystes

### **Ymse**

Melding om igandsetting av privat planarbeid

Det vert sendt innspel i neste runde

Invitasjon til dialogmøte om Leve hele livet frå Fylkesmannen i Vestland

Monica Finden reiser på dette

Med helsing

Hanna Hjellum Borlaug  
Konsulent

*Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift*

#### **Vedlegg:**

16.04.2019 Symje og trimtilbod

**Kopi til:**  
Margunn Tolleshaug  
Ola Bjørgum  
Steinar Søgaaard

KOPPI

**Likelydande brev er sendt til:**

Alv Loven	Rygg 1	5745	AURLAND
Anne Grethe Breisnes	Rygg 24	5745	AURLAND
Ella Juven Widme	Flåmsdalsvegen 94	5743	FLÅM
Hege Loven	Ryggjakyrkja 13	5745	AURLAND
Kjell Arvid Bakke	Låvi 14	5745	AURLAND
Knut Gunnar	Flåmsdalsvegen 83	5745	AURLAND
Heggestad			
Kristin Sønnerheim	Dalen 40	5745	AURLAND
Marit Berge	Fretheimshaugane 15	5743	FLÅM
Monica Finden	Klokkargarden 21	5745	AURLAND
Reidun Skahjem	Dalen 88	5745	AURLAND